

# Prop. 68 L

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

## Endringar i rekonstruksjonslova (forlenging av tida lova skal gjelde)

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 28. mars 2025,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Justis- og beredskapsdepartementet fremmar i denne proposisjonen forslag om å føre vidare midlertidig lov 7. mai 2020 nr. 38 om rekonstruksjon for å avhjelpe økonomiske problemer som følge av utbruddet av covid-19 (rekonstruksjonslova) fram til 1. juli 2026.

### 2 Bakgrunnen for lovforslaget

Hovudformålet med den mellombelske rekonstruksjonslova er å redusere risikoen for unødige konkursar i levedyktige verksemder. Effektive rekonstruksjonsreglar kan bidra til at verksemder som under normale omstende er lønnsame, i større grad kan reddast slik at arbeidsplassar og verdiar blir sikra.

Rekonstruksjonslova er ei mellombels lov som, så lenge ho gjeld, erstattar reglane om gjeldsforhandling i den første delen av konkurslova, jf. konkurslova § 1 andre punktum. Det følgjer av § 64 i rekonstruksjonslova at ho blir oppheva 1. juli 2025. I forarbeida som ligg til grunn for lova, er det framheva at ho skal bli avløyst av nye reglar om rekonstruksjon i konkurslova, jf. Prop. 75 L (2019–2020) side 5 og Innst. 244 L (2019–2020) side 3. Da vil desse nye reglane erstatte dei gamle reglane i konkurslova om gjeldsforhandling.

Opphavleg skulle rekonstruksjonslova bli oppheva 1. januar 2022, men ho vart ført vidare ved endringslov 22. desember 2021 nr. 167, jf. Prop. 242 L (2020–2021) og Innst. 48 L (2021–2022) og ved endringslov 26. mai 2023 nr. 14, jf. Prop. 51 L (2022–2023) og Innst. 302 L (2022–2023). Også forarbeida til disse endringslovene føreset at rekonstruksjonslova skal bli avløyst av nye reglar om rekonstruksjon i konkurslova.

Justis- og beredskapsdepartementet sende forslag til slike nye reglar om rekonstruksjon i konkurslova på høyring 13. januar 2023. Fristen for høyringa var 13. april 2023. På bakgrunn av innspel i høyringa sende departementet også enkelte endringsforslag på høyring 20. mars 2024. Forslaga i dette høyringsnotatet gjekk mellom anna ut på at pantesikra kreditorar kan omfattast av ein rekonstruksjonsplan. Fristen for denne høyringa var 27. mai 2024.

### 3 Forlenging av tida rekonstruksjonslova skal gjelde

På bakgrunn av at det var naudsynt å sende eit fornya forslag på høyring i mars 2024, har arbeidet med dei nye rekonstruksjonsreglane som skal erstatte den mellombelske lova, tatt noko meir tid enn det låg an til da lova vart forlenga i 2023. Sjølv om arbeidet med lovendringane har komme langt,

og departementet tek sikte på å fremje ei proposisjon for Stortinget i løpet av 2025, vil det vere vanligeleg å få på plass nye reglar før den mellombelse lova blir oppheva 1. juli 2025. Departementet foreslår derfor at den mellombelse lova blir ført vidare til 1. juli 2026. Den mellombelse lova ville uansett måtte førast vidare i ein periode etter 1. juli 2025 fordi aktørane må få tid til å tilpasse seg dei nye reglane før dei tek til å gjelde.

Alternativet til å føre vidare den mellombelse lova er å la reglane om gjeldsforhandling i konkurslova gjelde i tida frå den mellombelse lova blir oppheva og fram til dei nye reglane om rekonstruksjon i konkurslova tek til å gjelde. Rekonstruksjonslova inneber på fleire punkt endringar samanlikna med reglane om gjeldsforhandling i konkurslova. Mellom anna kan forhandling om rekonstruksjon bli innleia tidlegare, det er lettare å vedta ein rekonstruksjonsplan, og lova opnar for å gjere om gjeld til eigenkapital som ein del av rekonstruksjonsplanen. Den mellombelse lova inneheld også reglar om pantetrygd for lån til finansiering under rekonstruksjonen med priorititet framfor alle andre panthavarar, og lova opnar for å gjere unntak frå fortrinnsretten til det offentlege for krav på skatt og meirverdiavgift gjennom ei mellombels endring i dekningslova. Desse og andre endringar inneber at rekonstruksjonslova gir fleire verkemiddel for å oppnå ei vellykka forhandling med kreditorane samanlikna med reglane om gjeldsforhandling i konkurslova.

Forslaget i proposisjonen her har ikkje vore på høyring. Da lova vart ført vidare i 2021, fekk forslaget støtte frå alle høyringsinstansane som uttalte seg. Departementet fann ikkje grunn til ny høyring da lova ble forlenga i 2023, og har heller ikkje sett grunn til ny høyring no.

I høyringa i 2021 uttalte *Advokatforeningen* mellom anna at det er «avgjørende at den midlertidige loven gjelder til ny permanent rekonstruk-

sjon trer i kraft». Også *Konkursrådet* og *Oslo tingrett* meinte det ville vere ei dårlig løysing å gå tilbake til dei gamle reglane medan ein framleis arbeidde med forslag til nye reglar.

D e p a r t e m e n t e t foreslår i proposisjonen her ikkje andre endringar i reglane i den mellombelse lova eller i endringane i andre lover som følgjer av rekonstruksjonslova § 66.

## **4 Økonomiske og administrative konsekvensar**

---

Siktemålet med forslaget om å føre vidare den mellombelse lova fram til 1. juli 2026 er å redusere risikoen for konkurs i føretak som er levedyktige. Sjølv om bakgrunnen for den mellombelse lova om rekonstruksjon var utbrotet av covid-19, er ikkje lovreglane knytt til smittesituasjonen konkret, men til dei økonomiske langtidsverknadene av pandemien. Det kan ha store kostnader om føretak som elles er levedyktige, ikkje overlever. Den mellombelse lova om rekonstruksjon kan redusere risikoen for unødige konkursar i levedyktige føretak. Det er positivt for verksemda, kreditorane, næringslivet generelt og for samfunnet. Færre konkursar kan medverke til å redde arbeidsplassar og verdiar. For verksemda kan ein vellykka rekonstruksjon gi meir nøgde leverandørar og samarbeidspartnarar, noko som kan gjere det enklare for verksemda å kome attende til velfungerande drift. Dette er omsyn som er viktige også uavhengig av pandemien.

Blir den mellombelse lova ført vidare, kan det ha som følgje at det blir gjennomført fleire rekonstruksjonar for domstolane enn det som hadde vore tilfellet etter reglane om gjeldsforhandling i konkurslova. Det vil bli dekka innanfor gjeldande budsjettrammer.

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under  
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget  
om endringar i rekonstruksjonslova (forlenging  
av tida lova skal gjelde).

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i rekonstruksjonslova (forlenging av tida  
lova skal gjelde) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

# **Forslag**

## **til lov om endringar i rekonstruksjonslova (forlenging av tida lova skal gjelde)**

**I**

I midlertidig lov 7. mai 2020 nr. 38 om rekonstruksjon for å avhjelpe økonomiske problemer som følge av utbrudd av covid-19 skal § 64 andre ledd første punktum lyde:

Loven oppheves 1. juli 2026.

**II**

Lova trer i kraft straks.

